



Alver kommune Samferdsel veg, vatn, avløp - forvaltning
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2713 - 22/24302

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:
24.03.2022

Uttale til vassledning Ishuset - Birkeland - Hella

Viser til førespurnad om å koma med uttale til ny vassledning frå det såkalla ishuset til Hella

Me kan ikkje sjå at den planlagde vassledningen kjem i konflikt med registrerte kulturminne. Der vassledningen må kryssa steingardar bør opningen ikkje vera større enn naudsynt, og kantane bør få fine avslutningar. Om mogleg bør eventuelle opningar i steimuren murast oppatt etter at arbeidet er ferdig.

Me gjer elles merksam på at området kring Tveitåsen er registrert som viktig friluftsområde, og grunna *Fjelltoppjakten* har også talet på besøkjande til Kalsåsen tatt seg opp i år. Frå Birkeland og Hella er det særleg to traseear frå som er nytta av turgåarar inn i desse områda. Den eine passerer Radøyvegen 1943 og den andre Radøyvegen 2051.

Med helsing
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Samferdsel veg,
vatn, avløp - forvaltning

Postboks 4

5906

FREKHAUG